



Berit Harriet Døsland med årets juletre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Trea er no henta ned frå feltet under høgspentlinja på Silkebærhaugen og alt er klart for årets juletresal på Døsland nedre. Det melder Ivar Kåre og Berit Harriet Døsland. Også i år blir dei truleg dei einaste i vår bygd som sel juletre frå eigen plantasje.

No er det rundt rekna 15 år sidan Ivar Kåre planta trea og dette er sjette året han legg dei fram for sal. Døsland-trea er god, gamalddags norsk gran og trea er både til sals på tunet og ved personleg frammøte i plantasjen.

Den er lett tilgjengeleg ettersom den ligg berre 200-300 meter frå fylkesvegen og Berit Harriet fortel om stor entusiasme frå den yngre generasjon under juletrehogst på Silkebærhaugen. Men ein må sjølssagt melda frå på førehand hvis ein ønskjer å hogga sjølv - anten på 970 24267 eller 913 07384. Juletreprodusentane i Uskedalen er slett ikkje redde for juletrejuveri sjølv om det er eit kjend fenomen andre stader. Dei har full tillit til uskedalingane i så måte.

Døsland-paret satsar ikkje spesielt mykje på juletre dyrking og har heller ingen planar om sterkare satsing. Trea må hoggast uansett, elles kjem Kvinnherad Energi og fjernar dei av omsyn til linja. Plantinga skjedde nærmast fordi det aktuelle arealet ikkje kunne nyttast til noko anna.

Og apropos linja: Ivar Kåre spøkjer med at han har sendt inn ein prøve av trea til Statens Strålevern. Men dei har slege fast at den einaste form for stråling dei kan registrera er jula sine egne strålar!

Av Ola Matti Mathisen